

RØLDAL FJELLSTYRE



Frå Øverlandshytta mot Ninive

Foto: Harald N. Andersen HF

ÅRSMELDING 2019

INNHALD:

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og stølar**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**
- 7. Tenestekjøp**
- 8. Ymse**

Røldalsmarknaden

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg I Odda kommune I Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigd saman med beite og bidreg til eit aktivt støsliv i fjellet.

2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2015 – 2019 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Torleif Fresvik	- vara: Jan Øvregård
Nestleiar:	Håkon Småbrekke	- vara: Ellen Drangevåg
Styremedlem:	Randi T. Legård	- vara: Oddbjørn Lynghammer
Styremedlem:	Anne Marie G. Rabba	- vara: Oddvar Småbrekke
Styremedlem:	Dag Sverre Ekkje	- vara: Lars O. Seim

Fjellstyret har hatt 7 styremøte i 2019 og handsama 46 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). All småviltjakt og fiske og vart frå 2019 seld på Inatur.no. Reinsjakta vart seld via fjellstyre.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH),

7 fjellstyre er med her:

Røldal fjellstyre

Odda fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

I tillegg er Hardangervidda Grunneigarsamskipnad med med ein liten eigarandel.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (94 fjellstyre).

3. Hytter og stølar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr.år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

Hytter:

Ninive 1202 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m² og har 6 senger.

Eriksbu 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m² og har 12 senger.

Gamlebuga 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m² og har 6 senger.

Ulevåbotnen 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Denne har no fått status som fjellstyrehytte og skal driftast vidare som fjellstyrehytte.

Stølar:

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag.

Ståvassvika 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut.

I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

Midtfjellsvollen 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

Hadlene 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

4. Villreinjakt

Tildelt og felt i 2019

Setesdal-Ryfylke

Tildelt:
4 valfrie
10 simler
15 kalv

Fellingsresultat Setesdal Ryfylke

	Kalv	1 ½ år	2 ½ år og eldre	I alt
Hanndyr	0	0	1	1
Hodyr	0	0	0	0
I alt	0	0	1	1

Hardangervidda

Tildelt:
247 bukkar


Fellingsresultat Hardangervidda

	Kalv	1 ½ år	2 ½ år og eldre	I alt
Hanndyr	0	0	36	36
Hodyr	0	0	0	0
I alt	0	0	36	36

Prisar på fellingsløyve for rein i 2019:

	Innanbygds:	Utanbygds:
Bukk	1500,-	
2 bukkar	2500,-	5000,-

Inntekt villreinjakt: 238.900,-



Samjaktavtalar 2019

1. Det vert inngått avtale mellom Røldal statsallmenning, HA-290 og HA-300.
2. Avtala gjeld for jakta 2019.
3. Alle som har kort på HA-280 kan ta med private kort frå HA-290 og HA-300 frå fyrste dag og nytte desse på heile Røldal Statsallmenning under heile jakta.
4. Røldal fjellstyre opnar for bruk av alle kort frå HA-290 og HA-300 på Røldal statsallmenning etter 3 dagar (13. august), då inn til turistvegen der den kryssar fylkesgrensa med Telemark til dagens kommunegrense mot Ullensvang.
5. Om andre fjellstyre opnar grensene for andre med kort utskrive av fjellstyre frå ein dato vil og Røldal fjellstyre opne for bruk av private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal statsallmenning. Kort frå HA-290 og HA-300 kan ikkje nyttast i dei avtaler Røldal fjellstyre gjer med andre vald.
6. Avtala er gjensidig, d.v.s at kort frå HA-280 kan nyttast på HA-290 og HA-300 frå 13. august.

5. Småviltjakt

Jaktperioden for småviltjakt i Røldal statsallmenning er 01.10 – 28.02.

Jaktstart: 1. oktober med jaktslutt 28. februar.

Døgnkort fom 1. oktober tom 23. desember.

Vekekort fom 1. oktober tom 23. desember.

Sesongkort fom 1. oktober tom. 28. februar. Det er berre mogleg å nytta sesongkort fom 1. januar og ut jakta (28. februar).

Kuttar ut tilbod om 2- og 3 dagarskort.

Det vert ikkje mogleg å få kjøpt sesongkort etter 23. desember 2019

Prisar for småviltjakt på Røldal SA vart regulert frå 01.10.19. Gamle prisar i parentes:

	Utanbygds	Innanbygds
Årskort:	1500,- (1200,-)	750,- (600,-)
Vekekort:	1000,- (600,-)	500,- (300,-)
3 døgn:	(400,-)	(200,-)
2 døgn:	(300,-)	(150,-)
Døgnkort:	240,- (190,-)	120,- (95,-)

Tal jaktdagar: 427

Tal dagar med fangst: 163

Tal dagar utan fangst: 264

Tal felte:

Fjellrype 266


Lirype 26

Raudrev 2

Kortsal:

Salsstad	Døgn	2 døgn	3 døgn	Veke	Sesong
Inatur	188	1	2	8	36

Inntekt småviltjakt: 97.100,-



6. Fiske

Prisar:

Garnfiske

Sesong kr. 400,- (innanbygds, gjev og rett til stongfiske)

Stong

1 døger kr. 100,-

3 døger kr. 250,-

Veke kr. 350,-

Sesong kr. 700,-

Røldal statsallmenning har felles fiskekortordning med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord statsallmenning på Hardangervidda.

Fellesfiskekort

Veke 500,-

Sesong 1000,-


Kortsal:

Salsstad	Døgn	3 døgn	Veke	Sesong	Sesong innanb.
Inatur	115	16	8	8	33

Inntekt stongfiske: 23.900,-

Oppgjer fellesfiskekort for 2019 kjem som inntekt på 2020 rekneskapen.

Inntekt garnkort, innanbygdsbuarar: 13.200,-



7. Tenestekjøp

Oppsyn, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid	: 52,5 timar
Skjøtsel (transportoppdrag, tilsyn hytter, rep.vedlikehald synfaringar)	: 40,5 timar
Møter, sakshandsaming, planarbeid og anna kontorarbeid	:131,0 timar
Anna refusjonsberettiga kontorarbeid (HF drift)	: 72,0 timar
:	

7. Ymse

Røldalsmarknaden

Fjellstyre hadde som vanleg stand under Marknaden med søknadsskjema for jaktkort og annan informasjon. Det vart dela ut diverse reklamemateriell til besøkjande. Sekretæren hadde laga jegerquiz og det vart premie til dei tre med flest riktige svar.

Fjellstyret takkar alle for dugnadsinnsatsen i 2019.

Ulvik/Røldal januar 2020

Torleif Fresvik
Leiar

Harald Normann Andersen
Fjellopsyn/sekretær